

Trivleg fotballkveld på Heio.

12.05.2016



Frisk gjeng klar til kamp!

Det var god stemning både på banen og sidelinja under fotballkampen mellom Uskedal og Tyssedal på Heio torsdag kveld. Det var to jamne og gode lag som møttest, og dermed vart det ein kjekk og spennande kamp både for publikum og for spelarane. Etter å ha leia 4-3 ved pause vann Uskedal til slutt med 7 - 5.



Pauseprat og banan gjer susen!

Kampen starta tungt for heimelaget. Tyssedal gjekk nemleg opp i 2 - 0 leiing straks etter kampstart. Uskedalslaget viste flott moral og innsats då dei kjempa seg inn att i kampen, og dei kunne gå til pause med eittmålsleiing.

Også utover i 2. omgang var kampen svært jamn og spennande. Mange spelarar viste talent og god teknisk dugleik, men aller viktigast i dette lagspelet er det at alle gutane i 5. klasse og mest alle i 4. klasse er med på laget. Trenarane Stig Berge Soldal og Bjørn Olav Tveit har også fokus på at alle på laget er viktige. Begge laga spela seg fint til mange store sjansar og flotte avslutningar, men både Tobias Hella Berge-Soldal i Uskedalsmålet og kollegaen hans på Tyssedalslaget i imponerte med flotte redningar. Keeperane var grunnen til at publikum ikkje fekk oppleva fleire mål.

Ein svært god aktør var også 9.klassingen Jaran Jensen Eide som dømde kampen på ein svært god måte. Det er kjekt å registrera slike gode, unge kampleiarar. Banen på Heio er no svært fin, - tett og jamn. Koseleg var det også at nokre foreldre baud på medbrakt kaffi på sidelinja. No vert dette enklare å gjennomføra siden kiosken er klar. Då kan det kanskje verta både vafler, pølser og is i tillegg? Kjekt på aldersbestemte fotbalkampar er det i alle fall!



Den gode dommaren Jaran Jensen Eide brukte pausen til å triksa litt med ballen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Janne G. Hjørnevåg/Tor Inge Døssland.